



Notat

Dato: 16.03.2016

Arkivsak: 2016/3308-1

Saksbehandlar: ARNREKV

Til: Utval for opplæring og helse

Fra: Fylkesrådmannen

Svar på spørsmål vedkomande kantinedrifta ved Fana Gymnas

Fylkesrådmannen viser til følgjande vedtak i fylkestinget 08.12.2015, sak 89/15, pkt. 10:

«Fylkestinget ber rådmannen ivareta og leggja til rette for vidareføring av VTA-plassane ved kantinedrifta på Fana vgs.»

Fylkesrådmannen viser vidare til saksprotokoll frå møte i Utval for opplæring og helse 10.03.2016, der Tor André Ljosland i OPEN TIME stilte spørsmål om kantinedrifta ved Fana Gymnas. Fylkesdirektør opplæring svara på spørsmålet og ville koma attende med utfyllende informasjon til neste møte.

Lokala til Fana Gymnas skal ikkje lenger nyttast av Hordaland fylkeskommune. Vidare kantinedrift der vil difor ikkje vere føremålstenleg, korkje for HFK eller for Midttun verksted AS som driv kantina i dag. Dersom HFK skal «ivareta og leggja til rette for vidareføring av VTA-plassane ved kantinedrifta på Fana Gymnas», vil dette såleis måtte innebere ei flytting av verksemda til annan eigna plass i organisasjonen. Dette er problematisk både i høve regelverket for offentlege innkjøp, og i forhold til den kontrakten som ligg føre mellom HFK og Midttun verksted AS. Avtalen HFK har med Midttun verksted AS, er ein tenestekonsesjonskontrakt som er avgrensa til «drift av kantinekjøkkenet ved Fana Gymnas». Kontrakten har 3 månaders gjensidig oppseiingsrett.

I medhald av lov om offentlege innkjøp kan ikkje HFK tilby ein ny kontrakt til Midttun verksted AS ved ein annan skule, tenestestad eller verksemeld utan først å gjennomføre ei open, offentleg utlysing av kontrakt, der prinsippet om likebehandling overfor andre potensielle leverandørar vert ivaretake. Dette ville i så tilfelle utgjere ei vesentleg endring av gjeldande kontrakt, noko som igjen vil kunne medføre risiko for rettslege krav frå konkurrerande verksemder.

Ein kan på generelt grunnlag legge til rette for at bedrifter som legg til rette for VTA-plassar, i større grad driftar kantinenestene ved våre skular gjennom å be skulane vurdere reserverte kontraktar. Reserverte kontraktar avgrensar den offentlege utlysinga til berre å omfatte organisasjonar der fleirtalet av dei tilsette som er involvert i kontrakten har funksjonshemmingar. Slike reserverte konkurransar kan likevel ikkje avgrensast til berre å gjelde ein leverandør (Midttun verksted AS).

Fylkesrådmannen vurderer det slik at HFK ved Opplæringsavdelinga ikkje kan stå ansvarleg for å sikre vidare kantinedrift for Midttun verksted AS. Ei vidareføring av noverande kontrakt ein annan stad i

organisasjonen vil utgjere ei vesentleg endring av gjeldande kontrakt, som er avgrensa til «drift av kantinekjøkkenet ved Fana Gymnas». Vel ein derimot å opprette ein ny kontrakt med Midttun verksted AS under nye føresetnader, vil det vere å rekne som eit direkte ulovleg innkjøp. Dette vil innebere brot på lovverk om offentlege innkjøp og i tillegg vere i strid med formålet om likebehandling regelverket.